



Statens vegvesen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
SAMFERDSELSAVDELINGA
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Ingelin Garen / 55516345 19/126777-8 18.12.2019

Oversender til handsaming – Klage på vedtak om avslag heimla i veglova § 40 – Søknad om utvida bruk av avkøyrsle frå Fv. 5246 til parsell av gnr. 13 bnr. 92, Hetlevik i Askøy kommune.

Statens vegvesen har den 29.10.2019 motteke klage på avslag på avkøyrslesøknad, vedtak, dagsett 14.10.2019. Søknaden gjeld tiltak i form av einebustad på ny parsell av gnr. 13 bnr. 92 på Hetlevik i Askøy kommune. (Fv. 5246, hp2, km 4,924.)

Søknad av 27.06.2019 og klage dagsett 29.10.2019 er fremma av Synnøve Jakobsen.

Dokument i saka (utval)

1. Søknad d. 27.05.2019
2. Svar på søknad d. 14.10.2019
3. Klage d. 29.10.2019

Saksutgreiing:

Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå fv. 5246 til Langetangvegen. (Fv. 5246, hp2, km 4,924.) Bakgrunnen for søknaden er tiltakshavars ynskje om å føre opp ein bustad på parsell som skal frådelast gnr. 13 bnr. 92.

Aktuell eigedom ligg i uregulert område og er i kommuneplanen vist som eit eksisterande bustadområde. Avkøyrsla det vert søkt om utvida bruk av er regulert i planID 275 «Fv 212 slettebrekka – hetlevik, del 1 (hetlevik), g/s-veg, vegutbedring». Planen er vedteken i 2012.


Regulert avkøyrsle er vist med siktlinje 6 x 54 meter. Avkøyrsla slik den ligg i dag er ikkje opparbeidd slik reguleringsplanen viser.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Figur 1 Utsnitt fra PlanID 275



Figur 2 Utsnitt fra situasjonskart i søknad

Rammeplan 2017-2020

I «rammeplan for avkøyrsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017–2020» er Fv. 5246 vist med fargekode blå som betyr mindre streng haldningsklasse.

Det følgjer av side 16 i rammeplanen at det skal leggjast opp til ei konsekvent handsaming av søknad om avkøyrsle. Utgangspunktet for vurderingane er at kvar enkelt strekning er plassert i ein av fire haldningsklassar. For mindre streng haldning (BLÅ) – *Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon)* seier rammeplanen:

- Talet på direkte avkøyrsler til vegane skal vere avgrensa.
- Nye bustadavkøyrsler bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrsler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstilt

Det følgjer av rettleiinga på side 5 at Vegvesenet ikkje kan *avslå avkøyrslesøknader eller søknad om dispensasjon frå byggegrensa berre med tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane. Veglova krev at ein skal gjere ein konkret vurdering av det einskilde tilfelle, når ein fattar vedtak etter veglova.* (vår utheting). Når vegvesenet avslår ein søknad skal ein gjere greie for dei omsyn og vurderingar som ligg til grunn for avslaget.

Klagar sine merknader:

I klage dagsett 29.10.2019 skriv Synnøve Jakobsen at det kan sjå ut som at sakshandsamar ikkje har sett seg korrekt inn i teikningane som er sendt inn. Dette til tross for at sakshandsamingstida har vore lang. Klagar ber om omgjering av vedtaket då dette byggjer på feil faktagrunnlag. Klagar presiserer at det ikkje skal etablerast ei ny avkøyrsle, men at ein planlegg å kople seg på eksisterande privat veg (Langtangvegen). Det er med andre ord tale om utvida bruk av ei eksisterande avkøyrsle. I tillegg vil dagens avkøyrsle til Hetlevikvegen 124 bli permanent stengt som ei følgje av avkøyrsleløyvet det er søkt om. Klagar meiner at trafikktryggleiken langs fylkesvegen difor vil bli betre.

Klagar meiner vidare at grunngjevinga for vedtaket er mangefull. Å vise til Stortinget sin nullvisjon om null hardt skadde og drepne i trafikken er ei underleg og lite konkret grunngjeving for avslaget. Klager er ikkje nøgd med at det i vedtaksskrivet berre er vist til det ho refererer til som «standardtekst». Klagar meiner at Statens vegvesen har skjerpa krav til si grunngjeving av avslaget fordi nær slekt er busett på Hetlevik. Dette er årsaka til at klagar med familie ynskjer å busette seg der.

Statens vegvesen har lagt til grunn ein ÅDT på 1800. Talet er henta i frå Nasjonal vegdatabank (NVDB). Klager meiner det er tilhøve som tilseier at talet ikkje er korrekt. Tilhøva for mjuke trafikantar vert av klagar vurdert til å vere tilstrekkeleg sikre ettersom fartsgrensa langs fylkesvegen er låg. Det er fartsdumpar og gang- og sykkelsti langs deler av vegstrekket.

Vurdering

Viser til klage av 29.10.2019 på vedtak av 14.10.2019 om avslag på utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå fylkesveg 5246.

Klagar hevdar at vi har lagt feil faktum til grunn med omsyn til om søknaden gjeld etablering av ny avkøyrsle eller utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. Av vedtaket si overskrift går det fram at saka gjeld «... *endret eller utvidet bruk av avkjørsel ...*». Av kartbilag i vedtaket side 2 som er kopiert inn frå søknaden, går det og fram at tema er utvida bruk av eksisterande avkøyrsle.

Øverst side 1 og i andre avsnitt side 2 i vårt vedtak vert begrepet «... *etablering av avkjørsel*» nytta. Begrepet kan når ein ser det i samanheng med vedtaket si overskrift og kartbilag på side 2, tolkast som etablering av utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. Men vi forstår at bruken av begrepet i vårt vedtak kunne ha vore tydelegare. Vi har derfor for sikkerheits skuld konferert med aktuell saksbehandlar og fått bekrefta at søknaden blei oppfatta som ein søknad om utvida bruk, og at den vart behandla som dette.

Som nytt moment i saken vert det opplyst i klagen at: «... *vil avkjørselen til Hetlevikveien 124 bli permanent fjernet som følge av vårt tiltak.*». I lys av dette nye momentet og øvrige supplerande opplysningar i klagebrevet, har vi i klageomgangen gjort ei ny fullstendig gjennomgang og vurdering av saka. Det er trafikksikkerhetsmessig gunstig at talet på avkøyrsler som går direkte ut i Fv. 5246 vert redusert. Ordninga med at eksisterande avkøyrsle til Hetlevikveien 124 vert stengt, og eigendomen i staden får avkøyrsle til fylkesvegen via den private Langetangvegen, er derfor ubetinga positiv og styrkar søknaden.

Likevel vil ei godkjenning av søknaden innebere at ein ekstra husstand vert kopla til den trafikkfarlege Hetlevikvegen. Uavhengig av dagens bruk av eksisterande og planlagt framtidige bustad på gnr. 13 bnr. 92, vil ei godkjenning av søknaden innebere ei potensiell auke i trafikken på Hetlevikvegen.

Søkjar skriv at ho er opprørt over at sakshandsaminga har tatt lang tid. Vi seier oss leie for dette. Samstundes viser vi til at Statens vegvesen står i ein utfordrande situasjon prega av omorganisering. Sakshandsamingstida på seksjon Plan- og forvaltning, Bergen har gjennom det siste halvåret vore lenger enn det som er normalt. Søkjar har fått informasjon om dette. Tilhøve knytt til lang sakshandsamingstid er difor ikkje spesielt kommentert i vedtaket av 14.10.2019.

Ved handsaming av avkøyrslesøknader skal Statens vegvesen gjere ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølvé staden for avkøyrsle også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsle frå. Dette følgjer av Statens vegvesen si handbok R701.

Statens vegvesen meiner vedtaket om avslag er tilstrekkeleg grunngjeve. I vedtaksskrivet er det vektlagt at det ikkje finst noko tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Dette trass i at born ferdast på dette strekket til/frå skule og idrettsbane. Sakshandsamar gjer vidare

greie for innhaldet i den såkalla «nullvisjonen». Det vert vist til at dette er eit ambisiøst mål som inneberer en innsats i alle ledd – inkludert enkeltsøknader om avkøyrslar.

Klager meiner at det er tilhøve som tilseier at ÅDT-talet frå Nasjonal vegdatabank ikkje er korrekt. Vi har utover klagar si påpeiking, ikkje motteke dokumentasjon som seier noko meir om dette. Statens vegvesen legg til grunn at opplysningane vi har frå NVDB ikkje inneheld feil.

Statens vegvesen har ved fleire høve mottatt bekymringsmeldingar knytt til borns ferdsel langs Fv. 5246. FAU på Hetlevik skole er også opptatt av den därlege standarden på skulevegen. Spesielt er manglande respekt for fartsgrense i kombinasjon med vintermørke og därleg sikt i kurve ei utfordring. Det er viktig å hugse på at born og vaksne ferdast langs vegen også utanom skuletida.

Gang- og sykkelveg på Hetlevik ligg inne som en del av vegutbetringsplanen Fv. 212. (tidlegare vegreferanse). Fram til 2016/2017 har Statens vegvesen gjeve avkørsleløyver i området. Slik situasjonen har utvikla seg er ikkje denne delen av fylkesvegen lenger en del av Askøypakken. Det ligg heller ikkje føre kommunal finansiering eller rekkfølgjekrav i planen som tilseier at private utbyggjarar vil ta kostnaden med å etablere gang- og sykkelveg.

Etter at det rundt 2018 blei klart at eit tilbod til mjuke trafikantar på Hetlevik kan ligge langt fram i tid, har vi endra forvaltningspraksis. Statens vegvesen har vore negative ved spørsmål om utvida bruk av avkøyrslar til nye bustadar på Hetlevik, før eit tilbod til mjuke trafikantar er på plass. (Vi viser mellom anna til vårt saksnr.18/226345-2). Så lenge det er snakk om ein konsekvent endra forvaltningspraksis kan vi ikkje sjå at det kan vere tale om forskjellsbehandling.

Det ligg fleire uregulerte eigedomar med potensiale for utbygging på Hetlevik. Nokre av dei er utskilt for lenge sidan. Andre representerer potensiale for eplehagefortetting ved at dei på same måte som gnr. 13 bnr. 92 utgjer ein del av store bustadeigedomar. Det er viktig å ha fokus på kva konsekvensar eit avkørsleløyve kan ha når det gjeld kravet i forvaltninga om at like søknader skal handsamast likt. Det er vanskeleg å sjå at fordelane ved stenging av ei enkeltavkørsle til ein bustad i Hetlevikvegen 124 kan vektast tyngre enn faren for presedensverknad dersom ein vel å bryte med ein restriktiv praksis.

Vegbilder frå staden



Figur 3 Avkøyrsla det er søkt utvida bruk av og avkøyrsel som skal stengast som fylgje av det omsøkte tiltaket.



Figur 4 Smal veg og manglante sikt i kurve, retning nordaust om lag 60 meter før Hetlevik barneskule Fv. 5246, hp 2, km 5,5215

Oppsummering

Søkjær har komne med nye opplysningar i saka. Etablering av tilkomstveg til planlagt bustad på gnr. 13 bnr. 92 medfører stenging av avkøyrsle til bustad i Hetlevikvegen 124. Dette vert isolert sett vurdert som positivt. Statens vegvesen meiner likevel at det ikkje er forsvarleg å opne for meir bustadbygging på Hetlevik, før eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert. Slik vi vurderer det vil eit avkøyrsleløyve i saka bidra til å forverre ein allereie utfordrande trafikksituasjon. Vedtaket vil dessutan kunne få utilsikta verknader ved at det vert vanskeleg å si nei til naboar som på tilsvarende måte vil sökje, med den hensikt å selje bustadtomtar.

Å leggje til rette for ei slik utvikling meiner vi at vil vere i strid med nullvisjonen og med eit av føremåla med veglova; «*å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken*».

Statens vegvesen er ikkje kjend med at det ligg føre kommunal finansiering for utbetring av fylkesvegen på strekket mellom gnr. 13 bnr. 92 og Hetlevik skule. Ein kan heller ikkje forvente at private aktørar skal stå for utbetringa då det ikkje er stilt nokon rekkefølgjekrav i reguleringsplanar på Hetlevik.

Frå 01.01.2020 vert ansvaret for handsaming av avkøryslesaker på fylkesvegnettet overført til Vestland fylkeskommune. Eit avkørysleløyve i denne saka vil utvilsamt skape presedens for vurderinga av framtidige søknader, noko som igjen kan utløyse press med omsyn til å få på plass strakstiltak for mjuke trafikantar etc.

Merknad:

Dersom klagenemnda gjev tiltakshavar medhald i si klage må det gå fram av vedtaket at avkøyrsla skal opparbeidast slik den er vist i reguleringsplan etter PBL. Klagenemnda har ikkje høve til å godkjenne løysinga tiltakshavar har lagt til grunn for si søknad etter veglova. Kravet til frisikt på 3 x 40 meter er i tråd med skilta fart 40 km/t og gjeldande vegnormal N100. I reguleringsplanen er det likevel sett strengare krav. Planen viser 6 x 54 meter frisikt. Skal reguleringsplanen fråvikast kan ikkje arbeidet setjast i gang før Askøy kommune har gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen.

Tilråding til vedtak:

Statens vegvesen tilrår at vårt avslag heimla i veglova § 40 på søknad om utvida bruk av avkøyrsle frå Fv. 5246, hp2, km 4 vert oppretthalde. Grunngjevinga er omsynet til trafikktryggleiken på staden, uavklarte tilhøve kring finansiering av regulert gang- og sykkelvegtildelning og faren for presedensverknad ved å gje eit avkørysleløyve. Med bakgrunn i dette meiner vegvesenet at eit avkøyringsløyve vil vere i strid med nullvisjonen og dei omsyn veglova § 1 skal ivareta.

Region vest, Veg- og transportavdelinga

Med helsing

Hanne Hermanrud
avdelingsdirektør

Garen Ingelin
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
SYNNØVE JAKOBSEN, HETLEVIKVEGEN 21, 5303 FOLLESE